

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 3

Hausten 2017

49 . årgang



**Bispevisitas i Etnedal
19. – 24. september**



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE

Marie Bjørnødegård
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011
E-post: fellesraadet@etnedal.kyrkja.no
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



SOKNEPREST

Marit Slettum
tlf. 913 93 314
E-post: soknepresten@etnedal.kyrkja.no
Inga fast kontortid, men er ofte innom
Tlf. 61 12 13 22
Opptake? Legg gjerne att beskjed
Samtale? Ring og avtal tid
Måndag er prestens fridag



ORGANIST

Serhiy Bykov
tlf. 90 21 29 45
E-post: organist@etnedal.kyrkja.no



TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR

Helena Wright
tlf. 951 78 041
E-post: helenals.wright@gmail.com



KYRKJELYDSARBEIDAR

Ellen Oddveig Rudi
tlf. 948 65 195
E-post: ellen.rudi@oystre-slidre.kommune.no



SAKSBEHANDLAR

Linda Mæhlum Robøle
tlf. 957 64 900
E-post: l.robole@etnedal.kyrkja.no



KYRKJETENAR

Jan Hagaseth, tlf. 61 12 12 12
952 74 090

KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD

Kjell Fjeld, leiar
tlf. 404 04 820
E-post: kjell@fjellsbygda.no



N. ETNEDAL SOKNERÅD

Astrid Tollehaug, leiar
tlf. 906 59 921
E-post: astridtollehaug@bbnett.no



ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Ole Bergene, leiar
tlf. 950 89 360
E-post: Ole.bergene@hotmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Fast medarb.: Ingun Kompen

Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:

Kr. 200,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla



Bibelordet:

«For eg skammar meg ikkje ved evangeliet. Det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur, jøde først og så grekar.

For i det blir Guds rettferd openberra, av tru frå først til sist, som det står skrive: Den rettferdige skal leva ved tru.»

Romerbrevet, kap.1, vers 16-17

Hans Nielsen Hauge – kveld

Stad : Prestegarden

Tid : Torsdag 9. november kl. 1830

Ragnar Enger held foredrag om Hauge si banebrytande livsgjerning for samfunn, kyrkje og kristenliv.



Ragnar Enger, som er prest på Riisby i N. Land, var tidlegare prest på Fagernes i mange år.

Norsk Luthersk Misjonssamband

Valdres Misjonsforsamling

Møteplan, høsten 2017

17. sept. kl. 18:00.
Bruflat Menighetshus

15. okt. kl. 18:00.
Bruflat Menighetshus

17. -19. nov.
Møtehelg med Per Tveiten.

Fredag, 17. nov. kl. 18:00.
Vestringsbygda Bedehus

Lørdag, 18. nov. kl. 18:00.
Fjøsløftet, Wold

Søndag, 19. nov. kl. 11:00.
Bruflat Menighetshus

17. des. kl. 17:00.
Tale/ Delekveld, med konsert i Bruflat kyrkje etter samlingen på Bruflat menighetshus

Leige Bruflat menighetshus?

Kontakt Anne Marit Stensæter, 41 04 74 17

Soknepresten – ferie

Marit prest har ferie 3.-8. oktober og 21.-25. november og deltek på retreat, Lia gard 12.-17. november.

**Det er hyggeleg å vera ein viktig person,
men det er viktigare å vera hyggeleg mot alle.**

(It is nice to be important, but it is more important to be nice).

Sagt av O'Neil, speaker I den amerikanske kongressen.

Velkommen til Etnedal biskop Solveig Fiske!



19.-24. september kjem biskopen vår, Solveig Fiske til Etnedal. Ho har vore her både på kyrkjelydsfest og jubileum før, men dette er hennar fyrste visitas sidan ho tiltrådte embedet som biskop i Hamar i 2006.

Tenesteområdet omfattar både Hedmark og Oppland, så det er stort og mangfaldig. Biskopen har tilsyn med alle tilsette og alle kyrkjelydar i sitt bispedømme. Med tilsyn meinast at biskopen skal sjå etter at alt fungerar som det skal rundt om i kyrkjelydane. Alle tilsette i kyrkja, utanom presten, har det lokale kyrjelege fellesrådet som arbeidsgjever. Presten har bispedømmerådet som arbeidsgjever.

Solveig Fiske er ein uredd kyrjeleg leiar, ho står frimodig opp for evangeliet og særlege saker ho brenn for, så som fattigdomsbekjemping, flyktningar, rettighetar for homofile eller overgrepssaker. Solveig møter menneske med tillit og omtanke, er raus og synet stor respekt også når ho møter menneske som ikkje delar hennar teologiske syn.

Under visitasen har biskopen møte med alle kyrjeleg tilsette, dei kyrjelege råda, Bruflat sokneråd, Nord-Etnedal sokneråd og Kyrkjeleg fellesråd. Dessutan skal ho ha møter med kommunen, skule og barnehage og eitt at hovedmåla for visitasen er å støtte, inspirere og veilede kyrkjelydar og tilsette, og gjere kyrkja sitt nærvær synleg i lokalsamfunnet. (Sjå for øvrig utdrag fra visitasreglementet)

Vi tek med respekt og glede imot biskopen vår, og vonar at mange vil finne vegen til kyrkjene særleg på gudstenestene, men også på morgonsamlingane tysdag og torsdag. Høgdepunktet er visitasgudstjenesta, som er felles for Bruflat – og Nord-Etnedal sokn.

Konfirmantane våre blir presentert, og 10/11-årin-

gane i Etnedal, som går i 5. klasse, får bibel frå kyrkjelydane.

Etter gudstenesta blir det servering på Bruflat menighetshus, og biskop Solveig Fiske vil halde visitasforedraget sitt, med utfordringar til kyrkjelydane i Etnedal.

Marit prest

Vi refererer frå visitasreglementet for Den norske kyrkja, Føremål, definisjon og innhald

§ 1. Formål og definisjon

«Formålet med visitasreglementet er gjennom bispevisitasene å legge forholdene til rette for aktivt engasjement og stadig fornyelse i den evangelisk-lutherske folkekirke i Norge.

En bispevisitas er et institusjonalisert og rettslig ordnet besøk av biskopen i ett eller flere sokn i den hen-sikt å utøve kirkelig tilsyn.

Formålet med bispevisitasen er å støtte, inspirere og veilede menigheter og ansatte, og gjøre kirkens nærvær synlig i lokalsamfunnet.

Biskopen skal ved visitasen legge vekt på forkynnelsen av Guds ord i soknet. Ved dette skal biskopen gi støtte til menighetenes virksomhet og styrke fellesskapet i menighetene.

Sammen med menighetsråd og ansatte skal biskopen under visitasen gå inn i et felles arbeid for å prøve menighetens liv på Guds ord og vår kirkes bekjennelse, og inspirere til frimodighet og fornyelse. Menighetens arbeid skal også vurderes opp mot de planer som foreligger fra kirkelige organer.

§ 4. Innhold

Visitasen omfatter:

a) Gudstjenester

Biskopen forretter en avsluttende visitasgudstjeneste som er felles for alle visiterte sokn. Biskopen skal så langt det er mulig gis anledning til å høre prestene forkynne.

b) Møte med menighetsråd og fellesråd

Biskopen skal ha møte med menighetsråd og fellesråd. Samtalen skal ta utgangspunkt i foreliggende planer og i organenes kjernevirksemhet i henhold til kirkeloven §§ 9 og 14.

c) Møte med staben

Biskopen skal ha eget møte med staben i menigheten. Det skal åpnes for samtaler med de ansatte ut fra visitasens hovedformål.

d) Møte med menighetsarbeidet

Biskopen skal ha sin oppmerksomhet henvendt på menighetslivet, og gjøre seg kjent med virksomheten i menigheten gjennom besøk på institusjoner, kontakt med ledere og representanter for det frivillige kristelige arbeid i menigheten e.l.

e) Kontakt med kommune

Normalt bør det legges til rette for et møte med representanter for kommunens ledelse.

f) Kontakt med skole og barnehage

I visitasen bør det inngå programposter som har til hensikt å fremme kirkens samarbeid med skole og barnehage.

g) Diakoni

I visitasen bør det inngå programposter som viser kirkens diakonale ansvar og arbeid i lokalsamfunnet

h) Kontakt med lokalsamfunnet

I visitasen bør det legges til rette for kontakt med kulturlivet, bedrifter, frivillige organisasjoner og andre kirker og trossamfunn/religioner/livssynsorganisasjoner.

i) Visitasrapport og visitasforedrag

Biskopen skal utarbeide en visitasrapport, og innhold fra denne skal legges frem for menigheten i form av et visitasforedrag, for eksempel i tilknytning til visitasgudstjenesten, Jfr. bokstav a.)»

**Program****Bispevisitas****Etnedal 19.-24. september**

Biskop Solveig Fiske

Programpostar som er opne for alle**Tysdag 19. september**

Kl. 08.30 Morgonsang i Bruflat kyrkje

Onsdag 20. september

Kl. 19.30 Gudsteneste i Nord- Etnedal kyrkje

Torsdag 21. september

Kl. 08.30 Morgonsang i Bruflat kyrkje

Kl. 15.30 Kaffe og andakt på Etnedalsheimen

Søndag 24. september

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Visitasgudsteneste.

Bruflat menighetshus

Kyrkjekaffe - visitasforedrag

Elles vil biskopen ha møter med alle dei kyrkjeleg tilsette, begge sokneråda, friviljuge i kyrkja, kyrkjeleg fellesråd, Etnedal kommune og lensmann Jan Aune.

Besøk på Etnedal skule og i Eventyrskogen barnehage står også på programmet, og biskopen vil vere med Juniorjengen i Steinsetbygda på eit møte.

Det blir to bedriftsbesøk. Det eine hos sauebøndane i Øvre Fauske, Anneli Scheldt Fauske og Emil Fauske og det andre med Oppland bygg og anlegg, som vil fortelje om utbygginga på Leningen.

Stølsmesse på Tangen



Nystolen på Tangen, stol til Solheim i Steinsetbygda.

Over tretti hadde funne vegen til Tangen siste søndagen i juli, så vi sat tett og trygt og godt i det trivelege seterhuset, medan frisk salmesang og livets ord fylte rommet.

Aller først sørga husbonden sjølv, Roger Byfuglien for at «klokken» ringte.

Det har vorte tradisjon at han tek fram den gamle kyrbjella på Nystolen, ringer og samlar folket til stillheit og ettertanke.

Temaet for dagen var henta fra Jesu bergpreike, og handla om å søke Guds rike først.

Ein av dei mest besnærande freistungane for oss i Noreg i dag, er kanskje dette å la seg fanga av det materielle på ein slik måte at vi gløymer Gud og vesentlege ting i livet.

Klokkar på stolen var Solfrid Skogstad og Sigurd Skogstad sørga for tonefylgjet med trekkspellet sitt.

Etter messa var det rikeleg servering. Turid H. Byfuglien disket opp med heimelaga brunost, rumme og nydeleg kake, så dei mange smågruppene som benka seg både inne og ute, vart sittande lenge i det gode fellesskapet.

Hjarteleg takk til Turid og Roger Byfuglien for open dør og stor gjestfridom. Og til Vegard som så entusiastisk fortalte om dyra og stølsdrifta.



Stølskost



Frå gudstenestesamlinga inne på Nystølen



Kaffekos etter messa. Frå venstre Astrid Tollehaug, Ragnhild Fagernæs, Anne Marit Stensæter, Vebjørg Bachér og Marit prest. Foto: Turid Hagaseth Byfuglien



Helge og Gro Magnus, Solfrid og Sigurd Skogstad. Foto: Marit Slettum



Utanfor Hedalen stavkyrkje ved starten av vandringa

Pilgrimsvandring 2017

Må din vei gå deg i møte, og må vinden være din venn og må solen varme ditt kinn og må regnet vanne mildt din jord Inntil vi sees igjen må Gud holde, holde deg i sin hånd.

Så i år kom min veg meg imøte, eg vart med på årets pilgrimsvandring i Valdres. Vi vandra frå Hedalen i sør til St. Thomas kyrkja på Filefjell i nord. Det vart ei veke med gode opplevingar. Vi var ei fin gruppe som saman skapte god stemning.

Eg bur jo midt i naturen, og har alltid syns godt om det eg ser dageleg, men det å vera i det på denne måten var ein god følelse. Graset var ekstra grønt, og markblomane på sitt finaste der vi var ute og gjekk siste veka i juni.

Kvar dag hadde vi samling morgon og kveld, samt at vi fekk utdelt eit “drops” i løpet av første økta. Det var gjerne eit ord for dagen som vi nokon gonger syns passa veldig bra, og andre gonger tenkte vi på kva kan dette si meg?

Vi vandra i stillheit, noko som var ekstra godt, vi kunne både tenke og sjå utan å verta forstyrra, men når matpausene kom, gjekk praten!

Eg sit att med tre “overskrifter” etter denne vandringa: Omsorg, gode reisekostord og kyrkjeklokker. At kyrkjeklokker var så vakkert vart ei ny oppleving. Det var rørande når ein høyrdé dei anten når vi kom, eller når vi gjekk frå ein stad. Dei spelte til ære for oss. Det var godt for ein kropp som etterkvart vart sliten!

Vi har ein fantastisk pilgrimsprest, Anne Hilde Øigar- den. Ho hadde lagt ned mykje arbeid og omsorg i det ho delte med oss. Enno kan eg høre stemma hennar “Må Gud breie sin fred kring deg!” Tusen takk!

Dei andre i lederfellesskapet skal heller ikkje gløy- mast. Jan Børre Jansen med sin kunnskap og gode forteljaremne var uforgløymeleg. At han kunne hugse alle ting, navn og årstal det er heilt utruleg. Tusen takk til han, og dei andre!

Dette vart i korte trekk, men eg håper alle skjønar at vandringa var flott.

Lurer du på om dette vore noko for deg, så vil eg si; meld deg på. Du klarer det, og du får att så mykje!


Astrid Tollehaug



Framme ved St.Thomaskyrkja på Filefjell. Foto: Trond Øigarden



God rast undervegs



Ein «drops» under første økta



«Eg sit att med tre «overkrifter» etter denne vandringa: Omsorg, gode reisekostord og kyrkjeklokker»

Kor vart det då dei

Frå Nord-Irak til Etnedal – frå Etnedal til Fredrikstad Familien Mohammad flykta frå Nord-Irak, og kom til Etnedal sist i november 2002. Far Dara kom saman med kona Gullala Rashid og fire barn. Snoor er født i 1988, Dler i 1989, Zosan i 1991 og Zanyar i 1969.

Etter eit par år i Etnedal drog dei vidare til Fredrikstad, der dei har budd sidan. Vi som vart godt kjende med dei, har prøvd å halde kontakten med familien etter dei flytta. På besøk i Etnedal no i august, nemner dei folk, namn og stader her. Dei budde på Knatten med Anne Nora Lekanger og Jon Ivar Stensrud som gode og hjelpsame naboar.

Flittige og flinke folk

No midt i august var Gullala og Dara på tur til Sogndal saman med yngste sonen Zanyar. Då hadde eg den gleda å få dei på besøk og overnatting, med oppdatering på kva alle i familien driv med. Zanyar har utdanning innan økonomi og er ferdig med miltærtenesta. Så fann han ut at det er menneske han vil jobbe med, og blir etter kvart sosionom. Den andre guten, Dler, arbeider for Mac Donalds i Fredrikstad. Han er forlova med ei kurdisk jente. Snoor er gift og bur i Göteborg. Yngstjenta Zosan er gift, dei har ein tre månader gammal son, og bur i Italia.

Fredrikstad Blad

Gullala og Dara kom til Etnedal med Fredrikstad Blad for 11. august i år. Der er det biletet av han på første sida. Han står med vatningsanlegget i drift midt i ein stor grønsaksåker. Åkeren er ein del av Nes Andelsgård på Rolvsøy med heile 130 andelsbønder. Der dyrkar Dara, med god hjelp av Gullala, mange slags grønsaker. Han fortel at han heile tida i Noreg har sakna å kunne dyrke sine eigne grønsaker.

Jobba med jordbruk

I regionen Kurdestan i Nord-Irak jobba han 18 år med jordbruk, noko han likte svært godt. Skader frå krigen i heimlandet gjør at han ikkje lenger klarar ein vanleg jobb. Men å farte rundt i åkeren med el-traktor, det går greitt.

Andelsgard

Nes andelsgard oppdaga Dara i fjor. Han var lei av å sitje inne og ha vondt i beina, og spurde om han kunne få hjelpe til på andelsgarden. I sommar har han, med god hjelp av Gullala, vore i hagen minst ein gong om dagen. Det hender til og med at dei startar så tidleg at dei tek frokosten der.

I avisas fortel han at han i arbeidet med grønsaker, busker og tre, ikkje kan unngå å tenke på dei millionar av menneske på jorda som ikkje veit om dei får mat neste dag.

Sitat frå avisat:

"Grådige kapitalister og gigantselskaper bruker store ressurser på å utvikle, og produsere, avanserte masseødeleggelsesvåpen til meningsløse kriger rundt om i verden, i stedet for å bruke penger på å legge til rette for jordbruk som kan mette de sultne".

Eksperimentering

Dara eksperimenterer med nye sorter av ulike vekstar, og har kontakter i Irak som har mykje å bidra med i så måte, også med nye måtar å dyrke gamle sorter på.

- Eg er veldig glad i jordbruk, og grønsaker er noko eg er svært oppteken av, seier han entusiastisk. Gullala nikkar og er einig, ho er minst like ivrig. Dei seier dette er noko som er veldig sosialt, og dei held norken ved like med å snakke med folk. Det er godt for både kropp og hovud å vera mykje ute i frisk luft. Dei som eig garden kan ikkje fullrosa jobben som er gjort av Gullala og Dara i sommar - medan mange av andelseigarane var vekk på ferie.

Kort tur


Etter tre dagar på tur til Sogndal og Etnedal var det tydeleg at åkeren lokka på dei to. Med stor entusiasme meinte dei at grønsakdyrkning bør mange drive med. Dei kjem gjerne att til Etnedal og inspirerer til innsats for dyrking av grønsaker og betring av helsa, som dei opplever så viktig noko lenger sør i landet.

Ingun Kompen



Gullala Rashid og Dara Mohammad var nyleg innom Etnedal på besøk. Dei bur no i Fredrikstad, og brukar mykje tid på Nes Andelsgård med grønsakdyrkning. Dei helsar til alle kjente frå tida dei budde her.

Bibelsoge



Hugsar du denne framsida av ei svært viktig bok i skulen for dei litt eldre av oss? Eg tek vare på det meste. Noko kan vera brukande i ein aller annan samanheng, det meste har eg nok av nostalgiske grunnar.

Ein pappask med gamle bøker vart teken fram i sommar. Der låg mi gamle bibelsoge, som i alle fall vi tre eldste syskena brukte. Bøker gjekk i arv, og dei skulle ha varebind.

Denne boka er ei ny utgåve ved LAURITZ HOLSVIK, 16. OSLO 1965 P.F. STEENSBALLES BOGHANDELS EFTG. (B.J. REENSKAUG).

Ei grå bok å sjå til

Boka virkar grå samanlikna med dagens påskosta fargerike skulebøker. Men det er ein del kart, eitt med LITTLE-ASIA, MESOPOTANIA, ASSYRIA, MID-HAVET, og eit område som er kalla Øydemark.

Kunstverk

Bileta er i mest svart-kvitt, fleire av kjente kunstverk som skulpturen "Moses" av Michelangelo, måleret "Daniel ser eit syn" av Rembrandt, og mange naturbilete frå området.

Det er fire ark med i alt åtte sider i fargar. Eitt er eit utsnitt av måleriet "Nattverden" av Leonardo da Vinci, og "Judas svik Jesus" av Giotto.

Kunsthistorie

Sist i boka er det forklaringar til bileta. Om Rembrandt står det: "Rembrandt vart kalla bibelmålaren. Over 800 gonger henta han motiv frå den heilage boka. Eitt bilet viser jakob som velsignar dei to barneborna sine. Det får oss til å tenkja på mange ting, ikkje berre på den bibelske forteljinga, men også på vårt samliv med foreldre og besteforeldre, og alle som vil oss vel."

"Alle bileta, både i farge og svart kvitt, er meir enn 300 år gamle. Dei vart til mellom 1300 og 1650. Denne tidsbolken var ei blømingstid i europeisk målarkunst, og for dei fleste var Bibelen ofte ei kjelde til ny inspirasjon."

Kva hugsar vi?

Mykje av det som står i Bibelsoga er vel vorte borte for oss, men ein del får vi stadig repetert òg. Det er vel ikkje sikkert at vi hugsar Malakias, Esras og Nehemias som er omtala på side 85 av dei 174 sidene i Bibelsoga! Men elles må vi vel ha lært mykje den tida boka var spennande og interessant for oss som var skulelevar for diverse ti-år sidan.

Ingun

FØREORD

I 1848 kom første utgåve av Vogts bibelsoge. Skulefolk og foreldre tykte vel om dei religiøse og pedagogiske tankane som boka byggjer på. Frå 1848 til 1932 kom boka ut i 61 opplag med til saman 2,8 millionar bøker. Ho er óg omsett til framande mål.

Efter oppmoding frå skulefolk omarbeiddes overlærar Lauritz Holsvik boka i 1932. Soga om ættedrane og stridssoga til Israelsfolket i Det gamle testamentet vart korta ned. Meir vekt vart lagd på det tilfanget som klørast peikar fram mot evangeliet, fyrt og fremst om profetane. Frå Det nye testamentet kom det med fleire forteljingar frå Jesu liv. Overlærar Holsvik heldt seg nær til Vogts særmerkte forteljemåte, og gav samstundes boka ein norskare målbunad.

Omarbeidingsa bygde på Vogts store bibelsoge. På den stutte tida frå 1932 er det prenta over ein million bøker av Holsviks utgåve.

Overlærar Lauritz Holsviks utgåve frå 1932 vart omsett til nynorsk same året av lærar Olav Brekke. Rektor Ingvald Torvik var ansvarleg for målformana i det 15. opplaget i 1960. I det 16. opplaget er det berre små rettingar i språkleg lei.

Arbeidsoppgåver er teke med. Andre oppgåver kan læraren sjølv forma ut, når han ser kva problem elevane vert mest opptekne av. Normalplanen gjev og rettleiing om emne som høver til arbeidsoppgåver.

Bilet-tilfanget er revidert og nye biletar komme til. Kunstkritikaren Svein Ellingsen har med sikker kunstsans og pedagogisk skjön stått for dette arbeidet.

Trygve Dokk,
dr. theol.

«Mi salme»



Mette Bergene har valgt salme.

Det finnes mange fine salmer, jeg har valgt «Kjærlighet fra Gud».

Dette er en kjent salme skrevet av den danske presten Jens Nicolai Ludvig Schjørring i 1854.

Salmen har en fin melodi, og brukes både ved glede og sorg. Den er en av våre mest brukte bryllupssalmer, og blir også brukt i anledninger som begravelser og dåp. Det er en populær salme som mange kan, jeg husker jeg lærte den på skolen. Og den minner meg om da jeg var brudepike for mange år siden..

Mette Bergene

Kjærlighet fra Gud
springer like ut
som en kilde klar og ren.
I dens stille bunn,
i dens dype grunn
gjemmes livets edelsten.

Kjærlighet fra Gud
som en yndig brud
kommer smykket til oss ned.
Lukk kun opp din favn,
kom i Jesu navn,
himlen bringer den jo med.

Kjærlighet fra Gud
er det store bud,
er det eneste jeg vet.
Bli i kjærlighet,
og du har Guds fred
for Gud selv er kjærlighet.

Jeg utfordrer min kollega Unni Klevgård til å skrive om sin salme i neste utgave av Kyrkjevarden.

Ønskediktet



Maria Sørhusbakken har valgt dikt.

Jeg har valgt meg et høstdikt av Inger Hagerup. Dette synes jeg har en fin tekst og passer til årstiden vi er inne i .

Jeg ønsker alle en fin høst og sender utfordringen videre til min gode venninne Eli Strand.

ET DIKT OM HØSTEN

Mange dager av purpur og gull har oktober gitt oss under en himmel som daglig blåner seg mere blå. Ennå er frosten bare et disig varsel bak åsen, men langsomt, langsomt begynner året å gå i stå.

Aldri er sinnet så åpent som slike høstklare dager, når luften smaker både av blomster og kjølig jern, og noe svever forbi deg, et minne du ikke husker, en drøm, som bestandig er like udrømt og like fjern.

Kanskje er det skyggen av Han som sitter og venter bortenfor alle blåner av det du aner og vet, der hvor tiden går under, og høst og vinter og sommer drukner i stumhet og mørke og susende evighet.

Langt der ute i mørket har vi en fred i vente.
Men i menneskehjertet banker den samme drift
som får døgnfluen til å spille ut sine vinger
og får stjernene til å skrive sin himmelskrift.

Aldri kan mennesket løse den siste gåten om livet.
Men vi følger likevel budet fra livet selv
når vi erober et år, en dag eller bare en time
fra Den Stumme som bor bak det ytterste stjernehvelv.

Vennlig hilsen
Maria Sørhusbakken

TV-AKSJONEN 22. OKTOBER 2017

Årets TV-aksjon går til Unicef. Målet er å kunne gi barn i krig og konflikt en framtid gjennom utdanning. Uten utdanning står et lands framtid på spill.

TV-aksjonen skal gi skolegang og håp til barn i Syria, Colombia, Sør-Sudan, Pakistan og Mali.

I Syria er 7 000 skoler ødelagt, skadet eller brukt som tilfluktssted.

I Sør-Sudan er det bare 27 prosent av befolkningen over 15 år som kan lese.

Pakistan har nå 60 prosent jenter i skolealder uten skolegang.

Mali har 600 lærere som har flyktet fra konfliktområdene.



I Colombia har en av fem ungdommer verken jobb eller skole å gå til.

I alt er det ca 24 millioner barn i verden som ikke får skolegang på grunn av krig.

Vi håper på et fantastisk resultat for årets TV-aksjon fra vår kommune. Lag, foreninger, bedrifter, skoleklasser, barnehage og alle i Etnedal kommune må kaste seg på for å gjøre en stor forskjell for mange barn og ungdoms framtid. Med kunnskap fra gode skoler skal de kunne bygge sitt fedreland opp fra krig og ødeleggelser med vår hjelp. Husk at vårt motto er MINST OG BEST!

Kari Nicolaysen Bergsbakken,
leder i TV-aksjonskomitéen i Etnedal

Fakta om UNICEF:



Mykje å gle seg over

«Er det ikkje fint her?»

På eit utsiktspunkt ved vegen ned mot Roa på Hadeland traff eg ein gong ein liten gut. Eg sto og beundra haustlandskapet med duvande, mogne åkrar og flotte gardar. Då kom han bort til meg, - er det ikkje fint her, spurte han. Jo, eg måtte absolutt seie meg einig, og så sto vi der og såg saman. - Du skjønar, sa han med stoltheit i røysta, eg bur her, eg.

Etterpå har eg svært mange gongar tenkt på dei orda.
Eg bur her, eg!

Vi kan óg vere stolte tå bygda vår, det er fint her i Etnedal.

Marit prest

Her presenterar vi to område frå Etnedal;



Utsikt frå sør i Steinsetbygden mot Rundemellen. Foto: Astrid Tollehaug



Øyangen på Tonsåsen. Dronebilde: Odin Wahl

Etterlysing :

Er det nokon som vil bidra med bilde frå Etnedal i neste Kyrkjevarde?

Send det i så fall til: soknepresten@etnedal.kyrkja.no



Skogsbæra, sopp og andre delikatessar ventar på å bli hausta inn. Denne fine bæra blir omsett til mykje glede utpå hausten og vinteren.



JANS HJØRNE

Ein dyrlege og ein doktor var naboor, og det hende dei diskuterte kven som hadde den vanskelegaste jobben.



Dyrlegen tenkte ein dag at no skulle han sette doktornaboen sin på prøve, så han la seg til, og let som han var skjelte därleg. Kona fekk beskjed om å hente doktoren, som var særdeles raskt på pletten.

Då han kom inn på soverommet låg dyrlegen der, stønna og bar seg og kunne slett ikkje klare å ligge stille, så «sjuk» var han. Doktoren tok eit overblikk, undersøkte pasienten og forordna fylgjande behandling ; Gje han ein liter lakseolje, og er han ikkje betre til imorgon så får vi ta' n



Ei enkel rose, ein ganske alminneleg kvardag, mykje å gle seg over. Foto: Signe Sandsmark

Omvisning i Bruflat kyrkje

Kyrkja vår har vore sommaropen fem veker i sommar takka vere dugnadsinnsatsen til sju pensjonistar.

Marion Lundstein, Solveig Skåren, Tone Steinset, Ragnhild Fagernæs, Anne Marie Ødegaard og Ingus Kompen har vore to eller fleire dagar kvar. Tutta Solberg var der resten av tida.

Mange gjev uttrykk for at det er fint å finne kyrkja open, einskilte vil berre sjå, andre både ser og tener lys, og nokon vil gjerne høre frå den lokale kyrkje-historia.

Besøket varierar litt, men på dei beste dagane har det vore mellom 20 og 30 innom.

Stor takk til alle sju for viktig teneste!

Både før og etter open kyrkje-sesongen har vi hatt større og mindre grupper innom kyrkja til omvisning. Fleire av dei kyrkjeleg tilsette er engasjert i dette arbeidet, kyrkjetenaren er sentral, andre gongar er kyrkjeverja og presten med.

Det er ofte amerikanarar innom, på leiting etter slektsrøter i Etnedal. Per OddSmelhus gjer eit viktig arbeid for mange av desse. Elles er det turistar frå mange europeiske land, men det store fleirtalet kjem frå ulike kantar i vårt eige land, flest frå nabobygdene, naturleg nok.



Tutta Solberg har hatt flest dagar i kyrkja i sommar. Ved fleire høve har ho sagt at ho set stor pris på å få lov til å ha denne tenesta.



Frå omvisning i kyrkja 10. juni då vi hadde besøk av Marialosjen på Gjøvik, som har medlemmer frå heile Vest-Oppland, også fleire frå Valdres. Marit prest hadde ansvaret for omvisninga, med god hjelp av Ingus Kompen, som guida turfylgjet gjennom heile Etnedal.

Konfirmantar i Etnedal 2017



Konfirmantar i Nord-Etnedal kyrkje 11. juni 2017. Vegard Thon og Eskild Ødegård. Sokneprest Marit Slettum.



Fotograf : Knut Kamphaug, Dokka.

Konfirmantar i Bruflat kyrkje 4. juni 2017. Bakre rekke : Sigve Stubbene, Fredrik Fossum, Daniel Nyseth, Øyvind Telstø, Mikael Ødegård Skåren, Henrik Trondhjem, Sander Bekim Åmodt. Foran : Anette Bergene, Kjersti Sogn Bergene, Ragnhild Øistuen, Tonje Madelen Rønsmoen, Caroline Tidemandsen Kompelien og sokneprest Marit Slettum.


**Etnedal
kommune**
- Minst og best -

Kommune-info
Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside www.etnedal.kommune.no

Arrangement i Etnedal høsten 2017

22.09. Trubadurkonsert på Etnedalsheimen
Paul Mozart og Kjell Ivar inviterer til konsert i regi av Den kulturelle spaserstokken.

21.-22.10. Håndverksmesse på Skogtun
Håndverksutstilling, underholdning og bevertning.

24.10. Jacob-Sande-kveld på Blaaflat Spiseri
Etnedal Mållag inviterer til Jacob-Sande-kveld med Toralf Baldersheim på Blaaflat Spiseri.

25.10. «Ro deg ned» - friluftsforedrag
på Etnedal frivilligsentral. Rolf Erik Poppe forteller og viser bilder fra roturen Norge på langs.

27.10. Kulturkveld på Etnedal samfunnshus
Underholdning og utdeling av Etnedal kommunenes kulturpris 2017.

27.10. Konsert på Etnedalsheimen
Den kulturelle spaserstokken. Leif Inge Thormodsæter synger viser av eldre årgang.

07.11. Bustenskjoldfilm på biblioteket i Etnedal
Biblioteket har fått tak i Jens von Bustenskjoldfilm laget av blant andre etnedølen Helge Lunde. Kom og bli bedre kjent med denne delen av kulturhistorien vår!

16.11. «Gjøkungen» i Eventyrskogen barnehage

21.11. Intimkonsert med Erik Lukashaugen
på Etnedalsheimen. Hans Børlis jordnære og allikevel uendelig dype poesi har inspirert artisten Erik Lukashaugen til å tonesette tømmerhuggerens lavmælte ord. Med seg i ryggsekken har Erik også med

seg kjente og kjære viser av Vidar Sandbeck og Alf Prøysen.

12.12. Konsert med kulturskolen
på Etnedal samfunnshus. Kulturskolen inviterer små og store til hyggelig førjulskonsert på samfunnshuset.

KULTURDAGATN 2017

Kulturrådet og kommunen ynskjer store og små velkomne til nye kulturdagar i oktober! Me opnar kulturdagatn med handverksmessa på Skogtun 21.10. og held fram med aktivitetar, konsertar, utstilling, foredrag og framsyningar heile veka.

Kulturskulen, frivilligsentralen, biblioteket, ungdomsklubben og lag og organisasjonar bidreg for å gje variert underholdning til aldersgrupper.

Fredag 27.10. vert det kulturkveld og me håpar du kjem for å heidra kulturprisvinnaren!

Me publiserar heile programmet for kulturdagatn når alle tidspunkta er klare, men vil allereie no ynskje alle hjarteleg velkomne!

Valdres fotoklubb



ETNEDAL KULTURRÅD

Etnedal Kulturråd vart oppretta i 2010. Rådet er eit fellesorgan for frivillige lag i kommunen. Rådet har lik funksjon som idrettsrådet. Alle lag og organisasjonar i Etnedal som arbeider med kultur i vid forstand kan bli medlem.

Kulturrådet skal arbeide for å gje kulturen gode forhold, skapa aktivitet og utvikle tiltak knytta til kultur i Etnedal. Kulturrådet skal vera rådgjevar for kommunen i kulturpolitiske spørsmål, koma med forslag om fordeling av kulturmidlar, og fremje innspel til kommunestyret i busjettprosessen og på andre kulturområde.

Kulturrådet har 20 medlemslag og det er 4-6 møte i året. Dersom ditt lag ynskjer å bli medlem i Etnedal Kulturråd, kan du ta kontakt med leiar Ingun Kompen (ikompen@hotmail.com) eller med Gabi Becker på kulturkontoret (g.becker@etnedal.kommune.no, 6112350).

KULTURPRISEN 2017

Etnedal kommune ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2017. Forslag med informasjon om kandidaten sendast kulturkontoret innan

30. SEPTEMBER.

Etnedal kommune v/kulturkontoret,
Kyrkjevegen 10,
2890 Etnedal
eller g.becker@etnedal.kommune.no

Prisen vert delt ut under kulturvelden den 27. oktober.

ETNEDAL UNGDOM OG FRITIDSKLUBB

Etnedal ungdom & fritidsklubb er drevet i kommunal regi i nye lokaler på Etnedalshallen. Klubben er åpen torsdager kl. 18-22 for ungdom fra 6. klasse og oppover. Den skal i første rekke være et trivelig sted hvor ungdom kan treffes.

I blant legges det opp til ulike aktiviteter i eller utenfor klubben, for eksempel filmkveld, temakvelder, motordager eller turer. Det er kiosksalg med bl.a pizza.

Inngang er kr. 40,- pr kveld, men de fleste velger medlemskap for hele skoleåret på kr. 280 Dette blir fakturert av kommunene etter registrert medlemskap.

For mer informasjon, ta kontakt med daglig leder – Øyvind Rust - eller med kulturkontoret. Du kan også bli ”venn” med klubben på Facebook. Her legges det ut informasjon om hva som skjer på klubben.

Lokalene kan leies av kommunen til private arrangement, for eksempel bursdagsfeiringer. Det er et godt utstyrt kjøkken, projektor, storskjerm m.m. Ta kontakt med kommunens servicekontor for avtale om leie.

Etnedal Aktiv

Wendy Kroksjø tlf 97488805

Kontortid mandag 11.00-15.00 tlf 61121391

Mandag:	Trim i vann	kl 15.00-16.00
	Sykling	kl 17.30-18.30
Torsdag:	Styrke	kl 16.30-17.30
	Sykling	kl 18.00-19.00

Opplysning fra fysioterapeutene:

Anne Lene Lundene

Mandag-tirsdag-torsdag og fredag 08.30-15.00

Tlf 61121391/48959133

Ellen Wiborg Sanderud

Mandag-tirsdag-torsdag og fredag 10.15-16.00

Onsdag kl 11.00-15.00

Tlf 90890878

Arkadiusz Bes (Barn og unge) tirsdag og torsdag 10.00-14.00 Tlf. 61121391



Krigsminnested i Etnedal merket og istandsatt

Etnedal historielag og kulturkontoret har i løpet av sommeren samarbeidet om merking og istandsetting av krigsminnested i kommunen. Mer enn 20 tavler med informasjon om hendelser i Etnedal under andre verdenskrig er utarbeidet og satt opp. Oberstløytnant og historiker Knut Werner Hagen har bidratt med faktainformasjon og kvalitetssikring

av tekster, mens historielaget har stilt store mengder med historiske bilder til disposisjon.

10 informasjonstavler er satt opp ved gamle Høljarast bru. Avkjøring fra hovedvegen har fått skilt med kulturminnesmerke og det er opparbeidet parkeringsplass og rastepllass for publikum. Krigshistorisk sti med markering av sju poster for hendelser under krigen er ryddet og utsiktspunkt med informasjon er istandsatt. Planen er å rekonstruere de

gamle stillingene på sine originale steder. Høljarast får årlig besøk av flere hundre tilreisende. I tillegg til turister, besøker både norske og utenlandske etterkommere stedet. Krigsskolen har flere årlige ekskursjoner hit.

Det er videre satt opp nye informasjonstavler på Tonsåsen, ved Stasjonssvee, ved Lundebru, på Bruflat og i Breiesleiren.

På strekningen Høljarast – Tonsåsen er det ryddet og skiltet til minnestener over falne norske soldater. Det skal utarbeides og settes opp ytterligere informasjonstavler neste sommer. Kopi av hovedinformasjonstavlene legges ut på kommunens hjemmeside under kulturminner etter hvert som de blir klare.

Kommunen ønsker å rette en stor takk til alle som har stilt opp på dugnad med rydding og oppsetting av skilt! Tusen takk også til historielaget og til Knut Werner Hagen for meget godt samarbeid! Sammen har vi gleden av å ønske publikum hjertelig velkommen til å besøke krigsminnestedene i Etnedal!





Etnedal kommune



Enhet for familie og helse

Kyrkjevegen 53, 2890 Etnedal

Transportjenesten for forflytningshemmede,
TT – ordningen.

Formål:

Transportjenesten for forflytningshemmede, TT-ordningen, er et transporttilbud til personer bosatt i Oppland, som på grunn av forflytningshemming har store vansker med å benytte ordinære kollektive transportmidler. Ordningen skal bidra til at de skal kunne leve et så aktivt liv som mulig. Den er ment til «frie» reiser som kulturarrangement, sosiale aktiviteter og andre fritidsreiser.

Transportordningen er en Fylkeskommunal ordning, men er ikke et lovfestet tilbud. Ordningen blir administrert av Opplandstrafikk, Rogaland taxi og den enkelte kommune. Den kommunale oppgaven består i å behandle søknader og fatte vedtak. Videre følge opp ordningen i TT-web.

Godkjenningsperiode:

Godkjenningsperioden for TT - brukere i Oppland utløper 31.12.2017, og ordningen nullstilles fra denne dato.

Nåværende retningslinjer for TT - ordningen i Oppland, vedtatt av Fylkestinget, er fra 01.01.12. De er senere justert med FR - vedtak den 25.03.15.

Iht. retningslinjene pkt. 2.3, godkjenningstid, kunne godkjenning gis for 2 eller inntil 6 år. De som kom inn i ordningen etter 01.01.12 kunne godkjennes fram til 31.12.17.

<http://www.opplandstrafikk.no/billetter-og-priser/tt-kort/>

Nåværende retningslinjer vil bli justert fra 01.01.2018, men uten store endringer.

Regodkjennung/godkjenning:

Vi starter nå opp prosessen med regodkjennung/godkjenning av TT – brukere slik at dette kommer på plass for den nye perioden fra 01.01.2018-31.12.2023.

Nullstillingen betyr at alle godkjente brukere som i dag har TT-kort, samt de på venteliste, må søker på nytt. Disse får tilsendt søknadsskjema med nåværende retningslinjer tidlig i september.

For eventuelle nye brukere kan søknadsskjema fås ved henvendelse til servicekontoret i Etnedal kommune, eller ved å gå inn på følgende link:
<http://www.opplandstrafikk.no/Handlers/fh.ashx?MId=12&FilId=1171>

Hvem kan søker:

Personer som på grunn av varig fysisk eller psykisk forflytningshemming er ute av stand til, eller har store vansker med å benytte det kollektive rutetilbuddet på sitt hjemsted. Med varig forflytningshemming menes minimum to år. Noen kriterier er ikke grunnlag for godkjenning:

- Ordningen kan bare unntaksvis nyttes av personer med plass i institusjon.
- Personer under 10 år kan ikke godkjennes som TT-bruker.
- Personer som har adgang til egen bil faller utenfor ordningen.
- Personer som har fått stønad til bil etter lov om folketrygd faller utenfor ordningen.
- Naturlig alderdomssvekkelse alene er ikke grunn til å bli godkjent som TT-bruker.

Hvordan få tjenesten:

Send søknad om ”Transportordning for funksjons-hemmede ” til Etnedal kommune. Søkere får skriftlig melding om at søknaden er mottatt og at kartlegging av funksjonsnivå vil bli foretatt.

Tildelingsteamet for helse- og omsorgstjenesten godkjenner brukere til transportordningen. De tilde勒er også ledig hjemmel. Vedtaket innbefatter også størrelse på beløpet den enkelte TT-bruker får til disposisjon. Det blir utstedt et personlig brukerkort med det beløpet som er tildelt. Det tildelte beløpet er kun disponibelt for det året det er tildelt og kan ikke overføres påfølgende år.

Ved betaling for drosjeturen, registrerer drosjesjåføren reisen på kortet, og for hver tur reduseres beløpet på reisekontoen tilsvarende turens kostnad.

Pr. 01.01.2018 disponerer Etnedal kommune 20 hjemler/bruiskort. Kommunen kan godkjenne inntil 1,3 % av innbyggerne som brukere. Med bakgrunn i dette kan godkjente brukere i blant måtte stå på venteliste en tid. Godkjente brukere med tildelt hjemmel får vedtak om dette før 01.01.2018.

Hva omfatter tjenesten:

- Anledning til å benytte drosje, tilsvarende summen på verdikortet.
- Verdikortet kan benyttes til flere korte drosjeturer eller færre lengre turer.
- Alle som viser gyldig TT-brukerkort får reise fritt med Opplandstrafikkens ordinære kollektivtilbud. TT-kortet gjelder ikke på bestillingsruter og fylkeskrys-sende ekspressruter.
- Ledsager reiser gratis om TT-bruker har ledsager-bevis.

Avslag:

Om kriteriene for godkjenning ikke er oppfylt, kan det søkes på nytt om situasjonen endrer seg.

Klage:

Klagebehandling iht. Forvalningslovens bestemmelser. Klage på vedtak må være skriftlig og rettes til kommunen v/ saksbeandler.

Søknadsskjema fylles ut og returneres:

Etnedal kommune,
Enhet for familie og helse
v/ saksbeandler Sigrun N. Aune
Kyrkjevegen 53, 2890 Etnedal

Tlf. 61121358 / 61121300
Epost: s.aune@etnedal.kommune.no

SØKNADSFRIST: 1. OKTOBER 2017



**Etnedal
helselag**

Demensgruppa i Etnedal helselag arrangerer, i samarbeid med pleie- og omsorgstenesta i kommunen, kurs for pårørende til personar med demens.

Fyrste kurkvelden blir torsdag 28. september, pluss dei neste fire torsdagane 18-21.

MÅL FOR KURSET:

- Å gje pårørende til personar med demens større kunnskap om demenssjukdomane
- Å auke kunnskapen om samhandling med personar med demens, for å gjøre kvardagen lettare.
- Gje pårørende betre kunnskap til rettar og aktuelle lover, og korleis få kontakt med hjelpeapparatet.
- Tilby støtte gjennom å møte andre pårørende som er i same situasjon.

For nærmere informasjon og påmelding, kontakt Demensgruppa i Nasjonalforeningen Etnedal helselag ved

Ragnhild Fagernæs, tlf. 90583486
eller Marit Slettum, tlf. 91393314

Vigsel



Gunn Smedsrød og Knut Espeseth vart vigde i Bruflat kyrkje 15. juli. Her er brudeparet fotografert saman med barna Mia, 5 år og Maren, 2 år.

Dåp

Andris Husaker Espeseth vart døypet i Bruflat kyrkje 13. august.

Frå venstre: Fadrane Anneli Sælid og Knut Espeseth, foreldra Anders Espeseth og Heidi Husaker med dåpsbarnet Andris, Fadder Kristian Ruud Fjeld og fadder Lill Iren Stavedal Sveenøy som også bar Andris ved dåpen.

Dåpskjolen vart sydd av tippolde-mor Borghild Hestekind til onkel Knut sin dåpsdag i 1988. Andris er den trettande i slekta som vart døypet i den kjolen.

SLEKTERS GANG

DØYPTE



Bruflat kyrkje
Andris Espeseth 13. august

VIGDE



Bruflat kyrkje
Kristoffer Seime og Renate Tjørn 8. juli
Knut Espeseth og Gunn Smedsrød 15. juli

DØDE



Bruflat sokn
Ruth Lokøy

N.Etnedal sokn
Erik Solbrekken
Martha Lunde



Informasjon fra kyrkjecontoret:

Ordinære åpningstider på kirkekontoret:
Mandag, tirsdag, torsdag og fredag
kl. 09.00 – kl. 15.00.

Vi er få i staben, så ved møter og annen virksomhet kan kontoret være stengt. Da er det mulig å ta kontakt med servicetorget i kommunen som har informasjon om når kontoret åpner igjen. For å være helt sikker på å treffe oss er det lurt å avtale tid.

Telefonnr: 61 12 13 20

E-post: fellesraadet@etnedal.kyrkja.no

På nettsiden: www.kirken.no/etnedal finner dere mer informasjon om oss.



Bruflat kirkegård, sommeren 2017

I sommer har mange fått skilte ved sine gravminner med en påminnelse om å fjerne planter som går utenfor plantefeltet.

Vi minner alle om gjeldene paragraf 5 i våre vedtekter:

§ 5 PLANEFELT

Framfor gravminnet kan det bli opparbeida eit plantefelt i høgde med bakken rundt. Det må ikkje vera breiare enn breidda av gravminnet. Det kan ikkje gå lenger fram enn 60 cm frå bakkanten av gravminnet. Det skal ikkje vera vekster som er høgare enn gravminnet, eller går ut over plantefeltet. Det skal ikkje brukast faste dekorgjenstandar i plantefeltet. Lause dekorsaker skal fjernast etter bruk. Det er ikkje høve til å ramme inn grava eller delar av den med hekk eller døde gjenstandar.

Det som er i strid med desse krava vil bli retta av fellesrådet utan varsel til festaren.

Etnedal kyrkjelege fellesråd er gravferdsmyndigheten for alle i Etnedal:

Etnedal kyrkjelege fellesråd yter gravferdstjenester for hele befolkningen, uavhengig av tro eller kulturell bakgrunn. Gravferdstjenester i denne forstand omhandler retten til en grav og gravlegging som skal

skje med respekt for avdødes religion eller livssyn.

Kirkelig seremoni avholdes kun for medlemmer i Den norske kirke.

Mange følelser dukker opp i møte med død og gravferd. De som står nærmest må i sin sorg forholde seg til en rekke praktiske, juridiske og økonomiske spørsmål. I løpet av kort tid må det blant annet tas valg for seremoni, gravferdsform og hvor gravlegging skal finne sted.

Vi som gravferdsmyndighet skal være profesjonelle, rettferdige og utføre våre tjenester med omsorg og verdighet i møte med de pårørende og våre samarbeidspartnere.

Marie Bjørnødegård
Kyrkjeverje



Hyttetur? Du kan leige N. Lenningen sæterhus

Ta kontakt med Brukartorget i Etnedal kommune for nærmere informasjon. Det er også der nykkelen til huset kan hentast.

PRISER UTLEIGE NORDRE LENNINGEN SÆTERHUS

Innanbygds:

Pr. døgn	kr 200
Weekend (fredag – søndag)	kr 500
1 veke	kr 1 000
Påska (inkludert ved)	kr 3 000



Utanbygds:

Pr. døgn	kr 400
Weekend (fredag – søndag)	kr 1 000
1 veke	kr 2 000
Påska	kr 4 000
(+ kr 80 pr. sekk med ved)	

Gratulerer med prisen Solfrid!

På Etnedalsdagane 2017 vart Solfrid Skogstad tildelt Bustenskjolds ærespris.

av Kyrkja i Etnedal vil eg takke deg varmt for trufast teneste alle desse åra!

Statuttane seier at prisen kan delast ut til personar som ved sin stil og høiskhet har gjort ein særleg innsats som fortener ei påskjønning.

Marit prest



Solfrid Skogstad, makalaus etnedøl, saman med ungar frå Juniorgjengen. Frå venstre ; Gunnar Stubben, Sondre Tollehaug, Ingvild Storsveen, Ingrid N. Bergsbakken, Thea Skogstad Kvernmo, Vilde Tollehaug, Julie Skogstad Kvernmo, Caroline Stubben, Sunniva B.Byfuglien, Kristin N. Bergsbakken og Eivind Tollehaug.

Solfrid har gjort ein særleg fortenstfull innsats på fleire område, men det som framfor alt vart trukke fram, er arbeidet ho gjennom meir enn førti år har gjort for det kristne barnelagsarbeidet nord i Etnedal. Det starta då ho var lærar på Bergsbakken skule og det heldt fram då ho flytta åt Smiugardsbygden. Ei periode hadde ho lag begge plassar, no er aktiviteten med Juniorgjengen knytta til Bergsbakken.

Ikkje så reint få ungar har vore innom denne møteplassen i alle år. Mange av dei er vaksne no, og mellom deltakarane i dag er fleire av Solfrid sine eigne barnebarn.

Det var ei fortent påskjønning, Solfrid, og på vegne

To miniandakter



Kommunikasjon

Kommunikasjon er eit innhaldsrikt ord. Det kjem som så mange andre ord frå latin og tyder opphavleg å gjere noko saman, vidare å meddele, vere i samband og på talefot, utveksle meldingar. Av dette ordet er og communion, nattverden, avleia. Då blir det nære sambandet gjort tydeleg i vinen og brødet mellom Jesus og den som tar imot nattverden.

Bøn i Jesu namn er og djupast sett ein form for kommunikasjon – eit tovegs samband der vi gjennom bøna «gjer noko saman». Jesus oppmoda alle truande å be. Det er vel og slik at mange som ikkje har frimod til å kalle seg truande, ber bøner i gitte situasjonar. Men både kommunikasjon i vidaste forstand og bøn i kristen tyding set som vilkår at vi lyttar. At Gud lyttar, har vi hans eige ord for. Dersom bøna blir ei einvegskøyring frå vår side, gløymer vi å lytte. Og då hører vi ikkje svara. Lyttar vi? KPK

Falda hender

Falda hender er eit teikn på at vi ber. Det står ingen ting i Bibelen om at vi skal falde hendene. Men ved å gjere det lar vi travle hender kvile, og då er vi opne for å kommunisere med Gud, med Jesus Kristus eller med Den Heilage Ande. Slik får vi erfare at det er «Det er makt i de foldede hender», som det heiter i Trygve Bjerkrheims song med melodi av Øivind Tønnesen. Ordet makt må ikkje misforståast. Det er tale om den evne dei falda hender har til å utløyse krefter – Guds krefter. Det hender vel at om hendene er aldri så falda, får vi ikkje Guds svar med det same. Då stemmer vi i koret i den same songen: «Det er svar underveis, engler kommer med bud. Om det drøyer, det fram dog skal nå. For det lovet jo løftenes trofaste Gud: Kall på meg, og du hjelpen skal få!» KPK



Minne frå 2. pinsedag på Brusveen



Frå forsamlinga på Brusveen. Hjarteleg takk til folket aust i Smiugardsbygden for at de kvart år legg til rette for denne pinsegudstenesta.



Kyrkjevert Ingebjørg Storsveen saman med Marit prest

**Laurdag 23. september**

Kl. 1300 Kyrkjesletta, Dalen.
Vandring for konfirmantane
til N. Etnedal kyrkje.
Alle er velkommen til å vere med

Søndag 24. september - 16. søndag i treenighetstiden

Prekentekst: Ef.2,1-10

kl. 1100 Bruflat kyrkje.
Visitasgudsteneste ved
organist Serhiy Bykov,
kyrkjetenar Jan Hagaseth,
kyrkjelydsarbeidar Ellen Rudi,
biskop Solveig Fiske,
prost Carl Philip Weisser og
sokneprest Marit Slettum
Nattverd.
Konfirmantpresentasjon.
Utdeling av biblar til 10/11-åringar
Takkoffer til Det norske bibelskap.
Kyrkjekaffe.

Søndag 1. oktober - 17. søndag i treenighetstiden

Prekentekst: Joh. 11,17-29

kl. 1600 Solbjør, hos Tutta Solberg.
Takkoffer til Bjørktun grøndehus.
Kyrkjekaffe.

Søndag 8. oktober - Inga gudsteneste**Søndag 15. oktober - 19. søndag i treenighetstiden**

Prekentekst: Luk. 20,45-21,4

kl. 1100 N. Etnedal kyrkje.
Takkoffer til TV-aksjonen.

Søndag 22. oktober - 20. søndag i treenighetstiden

Prekentekst: Joh.11,1-15

kl. 1900 Bruflat kyrkje.
Sang- og musikkgudsteneste.
Takkoffer til TV-aksjonen

Søndag 29. oktober - Bots- og bededag

Prekentekst: Luk. 13,22-30

kl. 1100 Bruflat kyrkje.
Nattverd.
Takkoffer til Norsk Lærerakademi

Søndag 5. november - Alle helgens dag

Prekentekst: Matt.5,1-12

Kl. 1100	N. Etnedal kyrkje. Nattverd.
Kl. 1900	Bruflat kyrkje. Nattverd.

Søndag 12. november - Inga gudsteneste**Søndag 19. november - 24. søndag i treenighetstiden**

Prekentekst: Matt.18,1-6.10-14

Kl. 1900	N. Etnedal kyrkje. Sang- og musikkgudsteneste. Takkoffer til IKO
----------	--

Søndag 26. november - Domssøndag/Kristi kongedag

Prekentekst: Matt.25, 31-46

Kl. 1100	Bruflat kyrkje. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
----------	---

Søndag 3. desember - 1. søndag i advent

Kl. 1600	Bruflat kyrkje. Lysmesse. Takkoffer til Søndagsskolen i Norge.
----------	--

Søndag 10. desember - 2. søndag i advent

Kl. 1100	N. Etnedal kyrkje. Lys-vakengudstenste. Nattverd. Takkoffer til Juniorgjengen
----------	--

Juniorgjengen, Steinsetbygda

Møteplan, høsten 2017

- 13. sept. kl. 17:00.
- 20. sept. kl. 16:00 (Besøk av biskop Solveig Fiske. Merk tida!)
- 27. sept. kl. 17:00.
- 29. sept. – 1. okt. Høstleir på Åreeld.
- 11. okt. kl. 17:00.
- 25. okt. kl. 17:00.
- 08. nov. kl. 17:00.
- 22. nov. kl. 17:00.
- 13. des. kl. 17:00.



Dypt heller året i sin gang,
nå ødes eng og lund;
farvel - med all din lyst og sang,
du korte sommerstund!
La gulne hvert et blad på kvist
og falme alle strå,

Guds kjærlighet jeg vet for visst
omskiftes ikke så.

C.J.Boye - foto: Ingalis